

Minisongarstemne med variert program

17.09.2010



Rosendal Songlag og Røysterett for alle syng Mariamusikken saman i Kvinnheradkyrkja. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Haustsesongen har for lengst kome i gong i songkora i kommunen. Det begynner å bli temperatur på øvingane, og dirigent Maria Malmsten jobbar målretta i Rosendal Songlag og Røysterett for alle.

Ho ventar disiplin, reine tonar og god rytme frå koristane.

Laurdag, 2. oktober, skal det nemleg vera konsert. Rosendal Songlag har glede av å vera verkskor og arrangør av minisongarstemne i Rosendal Samfunnshus.

Då kjem Røysterett for alle, Husnes blandakor, Kammerskoret, Halsnøy Strupeband, Kammerkoret Gneis og Rosendal Songlag saman og håpar å gjeei fin oppleving til dei som kjem på konsert denne ettermiddagen.

Dei skal synga 4 – 5 nummer kvar samt eit fellesnummer. Tilfellet ville at Kammerkoret Gneis frå Bergen og dirigent Tore Kloster hadde planlagt tur til Kvinnherad, og vi er svært nøgde med at dei vil delta på vår konsert.

Jazzverket og Ole Jakob Hystad skal spela; saman med 2 av kora, men også áleine. Arrangøren set stor pris på at dei kan vera med

Kora er ulike, så vi kan by på eit variert program.

Vi legg inn ein pause der både publikum og songarar kan få seg ein kopp te eller kaffi og noko å bita i: kake, bollar, frukt mm. Då vert det også åresal.

Siste avdeling av konserten vert avslutta med fellesnummer.

Sveinung Sandvik skal vera konferansier.

Rosendal Songlag